Nr 4 | 2026 | 85. årg | www.voss.kyrkja.no

Jolekveld

I KYRKJELYDEN



3 KYRKJENYTT: Pause etter 85 år

10-13 Møt prestane og organistane

21-23 Konfirmantbilete



Om Kyrkjenytt:
Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve og Knut Skiple.

Redaktør: Jorunn Våle Tonckens
Tlf 905 82 101.
E-post: kyrkjenytt.voss@kyrkja.no
Grafisk produksjon: Wenche Horvei
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7400 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Framsidebilete: Åshild Bøe Kharazmi

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje Tor Ivar Johnsson
Tlf 468 72 909. E-post: tj656@kyrkja.no
Assisterande kyrkjeverje
Kjersti Vestrheim Helland
Tlf 900 79 805. E-post:kv934@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik
Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no
Kyrkjelydsarbeidar, trusopplæring
Åshild Bøe Kharazmi
Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no
Diakon Sigrid Djukastein Mala
Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Anja Slåtten
Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no
Organist Gohar Marandyan
Tlf 482 26 390. E-post: gm282@kyrkja.no
Organist Ellen Marie Selland Geithung
Tlf 980 64 594. E-post: eg395@kyrkja.no
Organist Edyta Bryk
Tlf 954 30 695. E-post: ebryk@interia.pl
Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun
Tlf 481 36 520.
Kyrkjetenar på Evanger Nora Mykkeltvedt
Tlf 952 79 970.
Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik
Tlf 414 75 383.
Kyrkjetenarar i Granvin
Ingvild Baartvedt Tlf 468 98 970.
Vahan Matinyan Tlf 403 46 482.
Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje
Trond Olav Neteland
Tlf 957 02 327.
Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid
Tlf 901 36 496.
Oppsynsmann for kyrkjegardane
Hege Ukvitne
Tlf 918 74 201.
Kontormedarbeidarar Idunn Holen, Jorunn Våle Tonckens og Lene Brunborg.
Fellesrådsleiar Linda Utne Tvinde
Tlf 401 02 129

Soknerådsleiarar:

Evanger og Bolstad: Anny Forthun
Tlf 481 36 520.
Voss: Randi Kløve
Tlf 952 06 177.
Oppheim: Heidi Hisdal
Tlf 992 54 932.
Vinje: Rigmor Ulvund
Tlf 990 33 293.
Raundalen: Nanna Nordahl
Tlf 917 58 826.
Granvin: Sigvor Melve Schrey
Tlf 911 32 608.

Dette vert siste nummer av Kyrkjenytt i denne omgang. Minner om at det vert lagt ut informasjon på heimsida vår: www.voss.kyrkja.no

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no
Soknepresti Voss Hans-Christian Küspert
Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no
Soknepresti Vinje, Oppheim og Raundalen Arnulf Sandvik
Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no
Soknepresti Evanger og Bolstad
Frode Kvamsøe
Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no
Soknepresti Granvin og Ulvik
Anne Marthe Ulvik
Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no
Ungdomsprest Vetle Leksbø
Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kyrkjekontoret på Voss:

Opnings-/ telefontider:	Måndag-fredag 10-14 Onsdag 12-14
Besøksadresse:	Uttrågata 5
Postadresse:	Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss
Telefon:	56 52 38 80
E-post:	post.voss@kyrkja.no
Heimeside:	www.voss.kyrkja.no
Kontonr:	3480.16.45293

Besøk gjerne heimesida vår: www.voss.kyrkja.no
Her finn du informasjon om gudstenester, trusopplæringstiltak, påmelding til dåp og mykje anna.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!

Skann meg!
Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i Voss herad
har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjetunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Kjersti Vestrheim Helland.

Kjære lesarar av Kyrkjenytt



Framsider på kyrkjebladet frå 1966, 1972, 1991 og 2002.

Dette nummeret av Kyrkjenytt vert diverre det siste på ubestemt tid. Etter 85 årgangar med små og store glimt frå kyrkje- og truslivet i bygda, må me setja utgjeving av bladet på pause.

Bakgrunnen er den vanskelege økonomiske situasjonen Voss kyrkjelege fellesråd står i. Me har over fleire år drive med store underskot og er no komen der at all fri eigenkapital er brukt opp. Situasjonen er såleis svært alvorleg. Kyrkja er etter lova finansiert av heradet. Voss herad står sjølv i ein krevjande økonomisk situasjon og me har fått klare føringar om å prioritera dei lovpålagde oppgåvene. Det vil seia at me lyt konsentrera midlane på drift og vedlikehald av dei seks kyrkjene våre, kyrkjelege handlingar som gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd, drift av kyrkjekontor, arbeidsgjevaransvar for våre tilsette i kyrkjelege stillingar og forvaltning av dei ti gravplassane i heradet. Når ressursane vert knappare, må me gjera vanskelege val. Eitt av desse vala er å setja Kyrkjenytt på pause inntil vidare.

Dette er ikkje ei avgjerd me tek lett på. Gjennom generasjonar har Kyrkjenytt vore ein viktig møteplass mellom kyrkja og lokalsamfunnet. Bladet har formidla informasjon, fortalt historier frå kyrkjelydslivet, løfta fram frivillige og skapt tilhøyrsle på tvers av alder og bakgrunn. Mange har gjennom åra lagt ned eit stort arbeid for å gjera bladet mogleg, og me er djupt takksame for innsatsen deira.

Me veit at mange vil sakna bladet. Det vil me òg. Samstundes må me ta ansvar for at dei midlane me har til disposisjon vert nytta på ein måte som gjer at me kan halda oppe dei tenestene og oppgåvene kyrkja er sett til å forvalta.

Sjølv om Kyrkjenytt no tek pause, held kyrkja fram med å vera til stades i lokalsamfunnet. Gudstenester, kyrkjelege handlingar, diakoni, gravplassforvaltning og anna arbeid går vidare som før. Informasjon om aktivitetar og arrangement vil framleis verta formidla gjennom andre kanalar. Her minner me spesielt om heimesida www.voss.kyrkja.no.

Me vonar dette ikkje er eit farvel, men eit på gjensyn. Om dei økonomiske rammevilkåra vert betre, vonar me at me ein dag kan gje ut Kyrkjenytt att og vidareføra ein tradisjon som har vore ein viktig del av kyrkja sitt arbeid gjennom mange tiår.

Takk til alle lesarar, redaktørar, skribentar, annonsørar, frivillige og medarbeidarar som har vore med på reisa. De har vore med på å gjera Kyrkjenytt til det bladet det har vore gjennom 85 årgangar.

Med ynske om alt godt, Kyrkjeverja på vegner av Voss kyrkjelege fellesråd



Første nummer av Kyrkjenytt

10. oktober 1941 kom «Kyrkjeblad for Voss» ut for fyrste gong. Bladet vart gjeve ut av Voss sokneråd, og kom ut kvar fredag. Kontingenten var på 2 kroner for året, og den var frivillig.

I bladet skriv Torstein Kvamme mellom anna: «…hovudfyremålet for kyrkjelydbladet er og bør alltid vera dette: Ein liten, stille, kravlausljosspreidar og ljosberar til kvar einaste huslyd i heile bygdi».

Dette aller første nummeret i rekkja vil verta lagt utpå heimesida til kyrkja: www.kyrkja.voss.no



Jolekonkurranse

Kor mange raude ljos finn du i bladet? Du kan telja med desse 2 også. Når du har kome fram til eit svar, kan du sjekka om det stemmer med fasiten på side 28.

Den ufullkomne bodberaren

Andakt prost Arild Hellesøy

Før eg kom til Hardanger og Voss var eg prost i Indre Finnmark og budde i Karasjok. Der fekk alle henta seg eit joletre i skogen. Me skulle berre betala hundre kroner til Statskog. Tida før jol er travel for prestar, men eg tenkte at dette kunne vore kjekt for ungane å vera med på. Så tre dagar før jol sette eg av nokre timar midt på dagen og tok ungane med.

Natta før me skulle av garde kom det store mengder med snø. Det gjorde det vanskeleg å ta seg fram. Sjølvsagt såg me etter eit vakkert tre, jamt og tett med greiner. Nysnøen låg tungt på greinene, så det var ikkje lett å sjå korleis trea såg ut.

Dette var den mørkaste dagen i året og det var mørketid. Timane gjekk og til slutt hadde me berre ljoset frå månen og lommelyktene. Me måtte berre ta eit tre som såg greitt ut, saga det ned, drog det gjennom skogen og la det i hengjaren.

Treet vart sett opp i kjellaren slik at det kunne renna av seg. Når snøen og isen hadde smelta såg me korleis treet eigentleg såg ut. Eldste dottera vart så skuffa at ho tok til tårene. Ho hadde aldri sett eit så stygt joletre. Me prøvde å trøysta henne; treet skal jo pyntast. Det vert nok fint til slutt. På jolaftan kom det gjester innom. Dei såg treet, men sa ingenting.

Treet vart aldri fint, men bodskapen frå dette treet er det same som frå alle joletre med kuler og stjerna. Kulene er bilete på frukt. Det står mykje om frukt i Bibelen. Mellom anna om frukta på kunnskapens tre som slangen lokka Eva og Adam til å eta av til tross for at Gud hadde forbode det. Følgene var at Gud viste de ut av Edens hage og sette ein engel aust for Eden for å vakta inngangen til hagen.

Men Gud ville også frelsa menneska. Gud sa til slangen: *«Eg vil setja fiendskap mellom deg og kvinna, mellom di ætt og hennar ætt. Han skal råka hovudet ditt, men du skal råka hælen hans.»*

Kvinna si ætt er i det nye testamentet kalla «den andre Adam». Det er Jesus Kristus, Guds son født av Maria. Guds ord vart oppfylt. Slangen råka hælen til den andre Adam, Guds son, gjennom liding og død. Men Kristus vann siger og råka slangen sitt hovud med eit øydeleggande slag.

I Bibelen høyrer me også om Andens frukt. Dei to første fruktene er tru og von. Eit døme på tru og von er dei vise mennene som kom frå Austerland for å vitja jødekongen som var fødd. Dei følgde stjerna og kom til Jerusalem men vart vist vidare til Betlehem fordi Skriftene vitna om at kongen skulle fødast der. Stjerna i toppen av treet vitnar om korleis Gud viste dei vise vegen saman med Skriftene. Dei er våre føredøme fordi dei tok den lange vegen i tru og von for å hylla barnet.

Treet me fann var både puskete, ujamt og på ingen måte fullkomen. Men vitnemålet treet bar fram er det same som alle joletre. Kan hende me kan seie det same om kyrkja i dag. Ho er ikkje på noko vis fullkomen men svak og full av brestar. Men ho er kalla til å halde fram bodskapen om Guds frelse til tru og von for alle menneske til alle tider.



Foto: Pixabay





Til jubileet har kyrkja m.a. fått ny, grøn løpar på golvet og grøn messehakel som soknepresten Frode Kvamsøe fekk innvia.

Fest og feiring på Evanger

Evanger kyrkje sitt 175-årsjubileum vart feira 8. november med festgudsteneste og påfølgjande fest i Evanger bedehus.

Tekst: Jorunn Våle Tonckens
Foto: Hans Tonckens

Gudstenesta vart leia av soknepresten Frode Kvamsøe. Prost Arild Hellesøy heldt preika, og tidlegare prost, Knut A Knudsen, leia forbøna. På orgelkrakken sat Frode R Vik, og Vemund Styve hadde med seg fleire blåsarar frå Evanger musikklag. Ei lita jente vart døypt i gudstenesta, og etterpå fekk dåpsfølget med seg eit overraskingsbryllaup. Rundt 140 personar deltok på gudstenesta, og om lag 80 vart med vidare til jubileumsfest i Evanger bedehus.

Skuleborna på Evanger har hatt kyrkja som prosjekt, og hadde laga fine oppslag om historia til kyrkja. Ei boknemnd har vore i sving i vel eitt år, og kunne presentera den heilt ferske jubileumsboka som inneheld mykje bilete.

I bedehuskjellaren fekk me servert nydeleg betasuppe, kaker og kaffi. Både prolog og nyskrive dikt til kyrkja vart framført, og fleire bar fram helsingar og overrekte gåver. Frå Voss sparebank fekk kyrkja ein gåvesjekk på kr. 50.000. Takk til soknerådet og alle som medverka til at dette vart ein fin festdag på Evanger!



Ordførar Tonje Ljones Såkvitne heldt tale til jubilanten.



Vassvøre Kvedarlag framførde fleire lokale songar.



Skuleborna gledde oss med flott song.





Kortreist jubileumssuvenir (krus) kr 175/2 for kr 300. Jubileumsbok 2001-2025 kr 350. Bok og krus er til sals m.a. ved Kyrkjekontoret, i Evanger kyrkje og Bolstadøyri bedehus.

Frå Herheim sitt biletarkiv



Gamalt jolekort frå samlinga til Voss folkemuseum.

Kyrkjenytt har spurt fotograf Kjell Herheim om me kan få trykkja nokre av bileta hans, og det har han velvillig gjeve oss løyve til.

Her ser me jolebilete frå tidlegare tider, og foto av den snart 750 år gamle Vangskyrkja frå ulike vinklar. Alle foto: Fotograf Kjell Herheim



Jolaftan 1950, borna er f.v. Leiv, Kjell, Bjørg og Sylvia Herheim.



Jol under krigen, i 1941, jenta er Sylvia Herheim.



Gamalt jolekort frå samlinga til Voss folkemuseum.



Jolatre med levande ljos, 1948.




Jola 1945. Guten er tre år gamle Leiv Herheim.




Vangskyrkja 2015.



Vangskyrkja 1980.



Vangskyrkja sett frå Vekselbanken, 1990.



Vangskyrkja 750 år

- 2027 -

Prosjektskildring

Tekst: Arne Mosefinn

I mai 2027 er det 750 år sidan Vangskyrkja vart innvigd. I den samanheng har Voss sokneråd sett ned ei jubileumsnemnd, med prost Arild Hellesøy, kultursjef i Voss herad Trude Letnes og nestleiar i sokneRådet Arne Mosefinn. Nemnda har utarbeidd eit framlegg til jubileumsprogram som vert presentert her. Programmet ynskjer å visa kyrkja og kulturlivet i Voss i fortid, notid og framtid.

Tysdag 25. mai vert det invitert til ein samtale i Voss bibliotek med tema «Midt i bygda. Kyrkja før og no».

Onsdag 26. mai er St. Urbansdag – sjølve vigslingsdagen. Då vil vi ha kulturhistoriske føredrag om samfunnslivet på 1200-talet, om korleis samfunnet var på Voss på den tida og korleis vossingane klarde å få reist eit såpass stort byggverk. Til dette har vi invitert professorane Alf Tore Hommedal, Gunstein Akselberg og Halldis Hobæk. Distriktsmusikarane på Voss vil ha det musikalske innslaget denne kvelden.

Torsdag 27. mai vert det invitert til ungdomsgudsteneste i Vangskyrkja om kvelden. Her er det prestane våre, saman med Refleks i Vonheim, som har ansvaret.

Fredag 28. mai arbeider vi for å få til Sacred Consert i Vangskyrkja, ved hjelp av Voss Storband og andre.

Laurdag 29. mai vil Fossegrimen halda konsert i Nain. Her vil dei også framføra Kantate til Vangskyrkja skriven av Signe Seim til 700 årsjubileet, men med ny musikk skriven av komponist Andreas Hellesøy.

Sundag 30. mai vert det festgudsteneste/folkemusikkmesse i Vangskyrkja. Biskop Ragnhild Jebsen vil delta, saman med lokale prestar. Folkemusikk-gruppa Kvarts syter for musikkensaman med organisten vår. Kongehuset er invitert.

Heile veka – frå måndag 24. mai til torsdag 27. mai er 6.-klassingane i heile Voss herad invitert til omvising i - og forteljing om - kyrkja. Opplegget er laga av Voss folkemuseum og kateketen.

Heile veka vil det og verta hengt opp bilete som syner kyrkja i ulike tidsepokar.

Jubileumsfeiringa er gjort mogeleg ved hjelp av sponsormidlar frå Voss sparebank, Vekselbanken, Voss Energi og Sparebankstiftinga.

Ingen skal måtte gå åleine med tunge tankar

Visste du at kyrkja allereie for 50 år sidan starta si eiga kriseteneste, der frivillige er bærebjelken i arbeidet, og at denne tenesta framleis er landets største?





–Eg opplever at eg har bidrege til å gi nokon ein litt betre dag, og det kjennest viktig og godt, fortel Margunn som er frivillig i Kirkens SOS.

Ingen skal måtte gå åleine med tunge tankar. Det skal finnast eit menneske å snakke med for alle, alltid. Dette er grunntanken bak arbeidet til Kirkens SOS. Tenesta er anonym, gratis, døgnopen og for alle. Alltid. Tema i samtalen avgjer den som tek kontakt. I tillit til at menneske kan vere menneskets beste medisin, baserer Kirkens SOS tenesta på godt opplærte frivillige som tar imot dei som tar kontakt, enten det er på telefon, chat eller på anonym e-post. Dagleg utgjer dette meir enn 400 samtalar. Vi veit at førebygging hjelper, og at våre medarbeidarar reddar liv.

Kirkens SOS
- Døgnopen kriseteneste for alle
- Gratis og anonymt å ta kontakt på telefon og chat
- Ring eller skriv på 22 40 00 40 eller soschat.no
- Stort behov for nye frivillige

Tok steget

I vår fullførte nye frivillige innføringskurs ved Kirkens SOS sitt senter i Bjørgvin. Dette ligg i Bergen, men ein kan også gjennomføre kurs og vakter digitalt. Ei av dei som no er i gang med det som før var ganske framand, er Margunn. Då ho vart pensjonist, ynskte ho å bruke tida på noko meiningsfullt. Ho søkte seg til Kirkens SOS, utan tidlegare erfaringar frå psykisk helsearbeid.

– Før den første prøvevakta var eg skikkeleg nervøs. Eg måtte trekke pusten djupt og minne meg sjølv på at dette er vanlege menneske. Eg skal ikkje vere ekspert, berre eit medmenneske.

Før ho trykte på den grøne knappen og opna for samtalar, steig pulsen.

– Eg kjende det godt. Men det hjelpte å vere saman med andre frå kurset, og å vite at eg ikkje stod åleine. Eg var uroleg for kva slags ansvar eg tok på meg. Det var både uvant og litt skremmande. Men eg kjende at eg ville utfordre meg sjølv. Det viktigaste var ynsket om å vere der for andre, seier Margunn.

Å vere frivillig inneber:
- Du lærer om livet
- Du får god opplæring og oppfølging
- Du er aldri åleine på vakt
- Du har to vakter i månaden
- Du bestemmer sjølv kva dagar som passar deg

Dei første vaktene gjorde henne tryggare i rolla, og støtta frå både medfrivillige og tilsette gjorde det lettare å møte dei vanskelege samtalane.

– Det var godt å høyre at det ikkje er mitt ansvar kva som skjer etter samtalen. Mi oppgåve er å vere til stades der og då, å vere saman med den andre og å lytte. Å sleppe å vere åleine med tunge tankar, er viktig for oss alle og kan bety veldig mykje, legg ho til.

Folk takka meg

Etter første vakt sat mange kjensler i kroppen.

– Eg var så glad og fylt av energi då eg drog heim! Eg hadde samtalar der folk takka meg for at eg lytta. Det var akkurat slike augneblikk eg hadde håpa på, fortel Margunn.

Alle frivillige går gjennom eit grundig innføringskurs før dei startar i tenesta.

– Eg vart imponert over kor godt opplegget var. Vi fekk tid til å lære, øve og reflektere. Samtaleøvingane var spesielt verdifulle.

Er du ein å snakke med?

Behovet for nokon å snakke med aukar, og dessverre klarar ikkje Kirkens SOS å svare alle. Frå sine medarbeidarar høyrer Kirkens SOS at samtalane kan vere krevjande, men også enklare enn du trur og viktigare enn ein anar. Kan dette vera noko for deg?

Les meir om å bli frivillig her:
www.kirkens-sos.no/frivillig

Jolehelsing frå Frelsesarmeen

Tekst: Katherine Louise Seedell

Det finst mange menneske som kjenner på einsemd og utanforskap, og det blir gjerne forsterka i joletida då forventninga er glede og fellesskap. Kanskje er det nokon som slit med rus, eller ein som har mista ektefellen, men det kan like gjerne vera den vanlege mannen eller kvinna i gata, med vellukka fasade, men som opplever uro eller sorg ein ikkje snakkar om. Det er einsamt, det!

Gjestfridom og inkludering er viktige verdiar for Frelsesarmeen. Oppdraget vårt er *«å forkynna Jesu Kristi evangelium og i hans namn møte menneskelege behov utan diskriminering»*. Det er to sider av same sak! Me trur Jesus er svaret på den djupaste lengsle til mennesket,



Katherine Louise Seedell er tilsett som leiar i Frelsesarmeen Voss. Foto: Sander Schadenberg

og hans kjærleik kan forvandla liv. Samstundes må dei gode nyheitene ikkje berre *forteljast*, men *demonstrerast*. Me forkynner Guds kjærleik gjennom praktisk handling. Difor hjelper Frelsesarmeen der folk har vanskeleg for å få endane til å møtast, driv «gatefotball» for dei med rusbakgrunn, og tilbyr eit trygt og inkluderande fellesskap for barn og unge der dei føler seg sedde. Det er også grunnen til at me spanderer vaflar og kaffi på vossingar annakvar veke på «laurdagskafeen». Det handlar om sosialt fellesskap, og er ein del av gudstenesta vår, vår «forkynning».

Me er også glade for å stå saman med fleire aktørar i å tilby ei «open jolefeiring» på jolaftan. Her samarbeider Den norske kyrkja, Røde Kors, Frivilligsentralen, Kirkens Bymisjon og me for å gjera jola til ei varm og inkluderande oppleving. Det er godt å stå saman på Voss!

Jolehelsing frå Kirkens Bymisjon Voss

Tekst: Trine Teigen Rekve

Det nærmar seg advent, ei tid fylt med forventning og glede for mange, ei tid med julepynt, julekaker og adventskalender. Men for mange kan jola vere krevjande og einsam. For mange er høgtider ei påminning om alt ein ikkje har, om alt ein ikkje kan få og om relasjonar ein skulle ynskje ein hadde.

Rettferd, respekt og omsorg er verdiane i Kirkens Bymisjon, og dei ynskjer me at alle skal ta seg litt tid til å tenke over spesielt no fram mot jol. Løft blikket og vis respekt for medmenneske du møter på din veg og ta deg tid til å gje litt ekstra omsorg til nokon som treng det.

Om tiltaka i Kirkens Bymisjon Voss:
Skattkammeret: Gratis utlånssentral, der ein kan låne aktivitet- og friluftsutstyr. Ope tysdagar og torsdagar kl. 14-18.

Home-Start: Lågterskel tilbod til småbarnsfamiliar med minst eit barn under skulealder. Hjelpa vert gjeven av ein frivillig familiekontakt som besøker familien ei gong i veka i ca. eit halvt år.
Alternativ skule: Alternativt skuleopplegg for ungdomsskuleelevar som har behov for eit miljøskifte ein dag i veka.
Ungijobb: Aktivitets- og arbeidstreningstilbod for personar i alderen 18-29 år som ikkje er i jobb eller utdanning.
IJobb: Arbeidstiltak for personar med rusutfordringar. Deltakarane får også tilbod om mat før og etter arbeid.

Me i Kirkens Bymisjon ynskjer alle ei god jol og eit godt nyttår i vente. Ta vare på kvarandre ♥

Nokons jul

Du ser på meg, du er sliten no
du har satt ditt siste skudd
din fortvilelse din håpløshet
seiret til slutt.

Din vandring gjennom gatene
på jakt etter lykkens rus
den endte her på Karl Johan
forand kongens hus.

Mot jul, det blei for sterkt for deg
gata var ditt hjem
din lykke var en sprøytespiss
kor er julen hen.

Dine auge ber om trøstende ord
ei hand å holde i
di sjel forlater denne jord
eit liv er forbi

Det er så lett og trakke feil
på livets lange veg
eit vegkryss, ein skilleveg,
var forskjellen på deg og meg.

Dagfinn Grøttå



Yrkesgrupper i kyrkja:
Kva gjer me og kven er me?

Tekst og foto: Jorunn Våle Tonckens

I dette nummeret har me snakka med prestane som tenestegjer i Voss herad og er tilsett i Bjørgvin bispedøme, og organistane som er tilsett i Voss kyrkjelege fellesråd.

PREST

Å vera prest er ei god blanding av fagleg og menneskeleg arbeid. I tillegg til å ha gudstenester på sundagane, møter presten mange ulike menneske gjennom ei vanleg arbeidsveke. Presten er med på å knyta band mellom kyrkjelege handlingar og menneske sin kvardag.

Vanlege arbeidsoppgåver for ein prest kan vera:

- førebu og halda gudstenester
- formidla, forkynna og undervisa
- ansvar for kyrkjelege handlingar som vigslar, konfirmasjon, dåp og gravferder
- samtalar med menneske som skal gifta seg, døypa barna sine, konfirmera seg eller med pårørande som skal ha gravferd
- delta i opplæringsarbeidet og det sosiale arbeidet i kyrkjelyden
- ha fortrulege samtalar/sjelesorg med menneske i ulike livssituasjonar
- samarbeid i stab
- administrative oppgåver og møte i ulike råd og utval

Ein prest jobbar ikkje åleine. Presten førebur seg og gjennomfører dei kyrkjelege handlingane saman med dei andre tilsette og frivillige i kyrkjelyden. Som prest møter ein menneske i vanskelege situasjonar. Ein må difor vera flink til å lytta, skapa tillit og kunna forstå situasjonar. Prestar må også vera gode til å få fram bodskap, vera omsorgsfulle, kunna samarbeida med andre og vera i stand til å ta avgjerder.

Prestar kan arbeida i kyrkjelydar, ved sjukehus, studiestader, i forsvaret, fengsel eller frivillige organisasjonar. Dei kan også jobba utanlands som misjonsprest eller sjømannsprest.

For å bli prest må du ta embetseksamen i teologi, ein såkalla cand. theol.-grad og praktisk-teologisk seminar. Dette er ei utdanning som tek seks år og som til saman gir 360 studiepoeng. Det er også mogleg å bli prest ved å ta ein master i teologi kombinert med eittårig praktisk-kyrkjeleg utdanning. Som prest i Den norske kyrkja blir du vigsla til presteteneste av biskopen.

1. Kvifor valde du å bli prest?
2. Kva likar du best med å vera prest?
3. Kva likar du minst med å vera prest?
4. Kva tenkjer du er di viktigaste arbeidsoppgåve?

Arild Hellesøy

Prost i Hardanger og Voss prosti
Tilsett sidan: 2009



1. I tidleg barndom og ungdom kjende eg på eit ynskje om å vera engasjert i noko som hadde med kyrkjelydsliv å gjera. Difor valde eg teologistudiet. Mot slutten av studiet måtte eg velja yrke, og gjennom praktikum vart det klart for meg at det var prest eg ville bli. Etter kvart valde eg å bli prost. Det er ei leiarstilling der eg kjem i posisjon til å påverka, får vera leiar for prestane og har eit ansvar for arbeidsmiljøet.

2. Eg tykkjer det er kjekt å få reisa rundt og besøkja kyrkjestabane i Hardanger og Voss prosti. Her får eg delta på planleggingsmøte, strategisamlingar og ha medarbeidarsamtalar med prestane. Det er spanande å fylgja med på kva som skjer, og bidra med støtte, oppmuntring og råd. Eg er også glad for at det å gjera presteteneste ligg inni stillinga. Som kyrkjelydsprest får eg oppleva mange store og flotte hendingar i kyrkja, som dåp, bryllaup, konfirmasjon, folkemusikkmesse og jazzmesse. Det er kjekt å få til noko flott saman med eit godt team av medarbeidarar.

3. Eg kan får saker på bordet som er krevjande, t.d. personalsaker og samarbeidsvanskar. I fleire år har me hatt ein situasjon der det er vanskeleg å få søkjarar til prestestillingar. Då må eg prøva å finna vikarar og gode løysingar. Me er heldige som har såpass mange pensjonerte prestar som stiller opp som vikarar.

4. Å halda motet oppe hjå dei tilsette og gje gode og positive tilbakemeldingar. I tillegg ynskjer eg å vera ein støttande samtalepartnar og støtta soknepresta i arbeidet deira i sine sokn. Med ansvar for 38 sokn seier det seg sjølv at eg ikkje kan vera alle stader samstundes.
Arild kan også røpa at han 2. februar 2027 har vore prost i 25 år, og til sommaren vil gå av med pensjon.





Hans-Christian Küspert

Soknеprest i Voss
Tilsett sidan: 2022

1. Eg fekk høve til å prøva meg i Frikyrkja i Bergen både som lovsongsleiar og forkynnar. Hadde også sommarjobb på guide på Trollhaugen i mange år. Desse erfaringane gjorde at eg skjøna at formidling og seremonileiing er noko eg har talent til. Trua er også viktig for meg. Deretter vart det teologiutdanning i Bergen, eit år som prest i Åsane og 3 år som prest i Meløy. Sidan me hadde familie på Voss, flytta familien min og eg hit for 4 år sidan.

2. Presteyrket er utruleg fleksibelt og går veldig greitt å kombinera med familie- og småbarnsliv. Eg likar godt å preika og å leia gudstenester, gravferder og vigsler. I tillegg er eg glad i å driva med musikk og få bruka musikken i jobben saman med andre tilsette.

3. Uformell mingling er ikkje det eg er best på. Å stå på stand eller messe for kyrkja er heller ikkje noko eg likar særleg godt. Eg har også litt utfordring med å hugsa namn og ansikt på folk eg har vore i kontakt med.

4. Å forkynna evangeliet og forvalta sakramenta (dåp og nattverd) – slik det står i artikkel 5 i Den Augsburgske bekjennelse (Confessio Augustana).



Vetle Leksbø

Ungdomsprest
Tilsett sidan: 2020 (var først tilsett som ungdomsdiakon frå 2018. Vart vigsla som prest i 2023)

1. Då eg var ungdom fann eg ei spesiell glede i å lese Bibelen og snakka med andre om kva det eg las betydde. Som prest får eg ha dette som jobb: Å dykka ned i fleire tusen år gamle tekstar og trekka dei inn i vår kvardag og igjen og igjen oppdaga kor aktuelt det eg les der framleis er. Om eg kan få vera med og gje vidare noko av den same gleda så kan eg ikkje koma på noko eg heller vil gjera.

2. I tillegg til formidling er det alle møta med menneske, ikkje minst ungdom. Anten det skjer på gudstenester eller på fotballbanen, i glede eller sorg, så set eg stor pris på desse møta. I tillegg er noko av det kjekkaste å få til noko nytt ilag med frivillige, slik som Supertysdag.

3. Det er ein del ting som må koordinerast og administrerast som prest, det er ikkje det eg er best på. Eg er takksam for både gode kollegaer og frivillige som gjev meg god hjelp med dette.

4. Kanskje å få vera med og leggja til rette for at endå fleire på Voss, både unge og gamle, kan få gjenoppdaga kor verdifull trua på Jesus er og har vore for oss som enkeltmenneske og samfunn.



Arnulf Sandvik

Soknеprest i Vinje, Oppheim og Raundalen
Tilsett sidan: 2019

1. Det var eigentleg litt tilfeldig. Eg arbeidde først som misjonær på Taiwan i 4 år, og i løpet av den tida fekk eg sansen for å arbeida i ein kyrkjelyd. Den teoretiske delen av presteutdanninga hadde eg teke frå før, så då stod det berre att på ta praktikum.

2. Som prest får eg brukt heile meg, og arbeidet er veldig variert. Det er meiningsfullt å få treffa folk i både glede og sorg gjennom gudstenester, dåp, vigsel og gravferder. Eg trivs godt her på Voss, og opplever folk som positive til kyrkja.

3. Det kan verta litt mykje kontorarbeid. Det hadde vore fint å ha meir tid til å vera ute og treffa folk i staden for å sitja på kontoret.

4. Ein prest har lovpålagde oppgåver som me må gjera: kyrkjelege handlingar (gudsteneste, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd). Personleg tykkjer eg det er veldig kjekt å arbeida med gudstenester.







Frode Kvamsøe
Soknepresti Evanger og Bolstad
Tilsett sidan: 2016

1. Heilt sidan ungdomstida har eg kjent på eit ynskje om å arbeida med den kristne bodskapen. Tanken var først å bli misjonær i utlandet, men slik vart det ikkje. Men sidan eg hadde teologiutdanninga enda eg opp med nummer 2 på lista: Å verta kyrkjelydsprest. Eg opplevde det som eit friskt pust å starta som soknepresti Evanger og Bolstad sokn for snart 10 år sidan, og kjenner det framleis slik.

2. Det er to ting eg likar best: Å fortelja om Jesus og treffa menneske i mange ulike situasjonar. Sjølve prestetenesta er variert og fin, og vekslar mellom glede, sorg og det meir trivielle.

3. Å rydda kontoret! Difor gjer eg det altfor skjeldan.

4. Å formidla evangeliet om Jesus – enkelt og greitt. Eg ynskjer å formidla at Gud har omsorg for absolutt alle menneske.



Anne Marthe Ulvik
Soknepresti Granvin og Ulvik
Tilsett sidan: 2023

1. Eg har alltid vore veldig glad i kyrkja og kyrkjerommet! Litt tilfeldig starta eg på teologistudiet og det blei nokre viktige år for meg. Eg ynskte å jobba vidare med dei store spørsmål i livet og utforska kva bibelen sin visdom og forteljingar kan bety for oss i våre liv i dag. Tidlegare har eg arbeidd som sjukehusprest, og starta for 3 år sidan som kyrkjelydsprest i Ulvik og Granvin.

2. Alle dei gode og verdfulle møta med menneske i ulike livssituasjonar! Som prest kjem eg tett på menneske i alle aldrar og det gir ein variasjon i arbeidsdagane som eg likar godt! Eg er glad i samspelet mellom ord og tonar i gudstenester og kyrkjelege handlingar.

3. At tida ikkje strekk til! I periodar er det veldig travelt. Det er alltid noko som skal førebuast og det er jamt over mykje å handtere av små og store oppgåver. Det hender eg ikkje finn tid til oppgåver eg gjerne skulle gjort meir av. Det gjeld å finna ein god balanse.

4. Å formidla tru og håp i ei tid med mykje uro og usikkerheit i verda. Å bidra til at kyrkja er ein stad me alltid kan koma til med alt me ber på i livet. Når me samlast til høgtid og glede, i sorg og saknad, er det godt å kunna forkynna evangeliet til tru og glede, styrke og kvile for hjartepulsen vår.

ORGANIST

Organisten er kyrkjelyden sin utøvande musikar, leiar det kyrkjemusikalske arbeidet og er musikalsk ansvarleg for gudstenester og andre kyrkjelege handlingar. Ein organist skapar musikalske augneblinkar og kan bety noko for menneske i ulike livssituasjonar.

Organistar spelar i gudstenester og til kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder. Dei kan leia kor, planleggja, arrangera og gjennomføra konsertar og ha elevar i orgelspel eller andre instrument. Notebunken til ein organist kan vera svært variert med både salmar, viser, kjærleikslåtar frå 80-talet og klassiske verk. Visste du forresten at Den norske kyrkja er den største arbeidsplassen i landet for musikarar?

Vanlege arbeidsoppgåver for ein organist kan vera:

- førebu gudstenester og andre kyrkjelege handlingar i samarbeid med presten
- leia kor-, vokal- eller instrumentalgrupper
- delta i ulike arrangement i kyrkjelyden
- arrangera og gjennomføra konsertar
- gje råd rundt musikkval til bryllaup, dåp og gravferder
- ha oppgåver i kyrkjelyden sitt barne- og ungdomsarbeid, undervisa i orgelspel eller andre instrument

Det blir ikkje stilt nokon formelle krav til utdanning for ein organist, men det er vanleg med utdanning innan musikk. Organistar og kantorar har dei same arbeidsoppgåvene, forskjellen mellom yrka er utdanninga. Ein kantor har ei fireårig høgskuleutdanning i kyrkjemusikk. Som kantor i Den norske kyrkja blir du vigsla til kantorteneste av biskopen.

1. Kvifor valde du å bli organist?
2. Kva likar du best med å vera organist?
3. Kva likar du minst med å vera organist?
4. Kva tenkjer du er di viktigaste arbeidsoppgåve?



Gohar Marandyan

Organist i Voss
Tilsett sidan: 2024

1. I Armenia tok eg pianist- og dirigentutdanning. Då me budde i Sverige anbefalte min svenske pianolærar meg å prøva å spela orgel. Eg likte dette og bestemte meg for å studera orgel og kyrkjemusikk. Slik fann eg vegen min til å bli kyrkje-musikar.

2. Eg opplever det meiningsfullt å bruka musikken i kyrkja og få vera ein del av viktige stunder i menneske sitt liv – både ved dåp, vigsel og gravferder.

3. Det kan vera utfordrande og kjensleladd å spela i gravferder, særleg når den avdøde er ung.

4. Å vera med og skapa ein god atmosfære i kyrkja gjennom musikken. Eg ynskjer også å lytta til kyrkjelyden sine meiningar og samarbeida med prestar og andre tilsette.



Ellen Marie Selland Geithung

Organist i Vinje og Oppheim sokn
Tilsett sidan: 2008

1. Dåverande sokneprest, John Ove Thaule, fortalde at dei mangla organist frå hausten av, og spurde om eg kunne tenkja meg den jobben. Eg var alt leiar for barnekoret, og fekk vera med på kurs i babysong. For å læra meg liturgien, fekk eg nokre timar hjå Lars Rangvaldsen.

2. Å få arbeida med all den fine musikken og salmeskatten vår. Eg er også glad for at eg kan få bruka song og akkordeon i gudstenestene. Og så likar eg godt å få arbeida med born og unge gjennom korarbeidet og T-dagane. Sidan eg har ei stilling i kulturskulen også, er det fint å disponera tida si sjølv.

3. Eg er stundom redd for at nervøsiteten skal ta overhand og at eg ikkje skal greia å spela det eg har øvd inn.

4. Eg syns det er viktig å imøtekoma ynskja frå dei pårørande rundt gravferder og brurepar som skal gifta seg så langt eg kan, når dei har spesielle musikkynskje.



Edyta Bryk

Organist i Granvin
Tilsett sidan: 2020

1. Eg er utdanna fiolinist og fiolinpedagog. Sidan det var få aktuelle stillingar i området, byrja eg som vikarorganist i Ullensvange. Frå 2018 var eg fast vikarorganist i Ullensvang, og så dukka stillinga i Ulvik og Granvin opp. Eg søkte og fekk den. I tillegg er eg piano- og fiolinlærar i Kvam og Ullensvang.

2. Eg likar orgelet som instrument. I starten var det utfordrande å vera organist sidan eg måtte læra meg å bruka orgelet. Det er veldig mykje flott musikk som er skrive for orgel. Den beste tida tykkjer eg er i jula når eg får spela alle dei vakre julesongane – også dei mindre kjende. Det finns også mykje flott musikk for juletida.

3. Å måtta jobba i helger og høgtider når andre har fri. Det er kanskje den einaste ulempa.

4. At eg er godt førebudd og spelar fint slik at folk blir inspirerte til å vera med å syngja. Musikk kan lindra, så musikkdelen ved viktige livshendingar kan bety noko for folk som kjem til kyrkja.

I tillegg til desse tre organistane, har me fleire timeløna vikarar som arbeider som organistar i kyrkjene i Voss.

Kjelder: utdanning.no og kirken.no



Bingo er alltid populært.

Fredagsklubb i Evanger kyrkje

Ein nyoppstarta ungdomsklubb i Evanger kyrkje for Evanger og Bolstad sokn. Dette er eit tilbod til barn og unge.

Tekst og foto: Nora Mykkeltvedt



Å «byta namn» og prøva å hugsa kven som heiter kva akkurat no er ikkje så enkelt.

Me har to grupper, frå 3. til 6. klasse frå kl. 18 til 19.30, og frå 7. til 10. klasse frå 19.30 til 22. Me vil ha ei samling ein fredag i månaden. Då har me ulike aktivitetar, leikar og spel. Me har ei lita andakt, og me har eit kveldsmåltid saman. Fokuset er å ha det kjekt i lag. Dette er eit mobilfritt og gratis tilbod. Me har til no hatt 2 samlingar, og neste gong vert 4. desember. Anja Slåtten og Vinje sokn har gjeve oss fantastisk starthjelp.

I samband med at Evanger kyrkje er 175 år, så hadde me i soknerådet eit ynskje om å gjera noko for dei unge og for framtida. Unge og vaksne har kosa seg i saman, men me har plass til mange fleire, så me ynskjer hjarteleg velkommen til akkurat deg!

Konfirmantpresentasjon Granvin



Sundag 6. september vart dei nye konfirmantane i Granvin sokn presentert på gudstenesta i Granvin kyrkje. Her fekk dei utdelt kvar sin konfirmantbibel. På biletet ser med dei fire konfirmantane som var til stades saman med sokneprest Anne Marthe Ulvik (til saman er det åtte konfirmantar i Granvin).
Foto: Jan Ivar Rødland

KONFIRMANT

KONFIRMASJONSDATO GRANVIN 2028

Soknerådet i Granvin har vedteke at konfirmasjonsdag vert flytta frå sundag til laurdag frå og med 2028. **Det betyr at dato for konfirmasjon i Granvin kyrkje 2028 er laurdag 6. mai kl. 12.00.**

Konfirmasjonsdatoar for dei andre sokna ligg på kyrkja si heimeside: www.voss.kyrkja.no → DÅP-KONFIRMASJON-VIGSEL-GRAVFERD → Konfirmasjon



Tweensklubben samlast annankvar søndag. Her er det rom for å stilla spørsmål, utforska bibelen og delta i fellesskapet saman med jamaldringar.



Kven er du?

Hamsterhjulet. Tidsklemma. Effektivisering av livet. Realisering av oss sjølve.

Tekst og foto: Ingvill Humlebrekke

Tidvis kan det opplevast som at livet er så fullt at me knapt nok har tid til å tenkja. Me skal rekka så mykje, få til så mykje, utforska alle dei moglegheitene overflodssamfunnet gjev oss. Og barna blir påverka av oss vaksne. Når me spring frå det eine til det andre gjer barna det òg. Når liva våre blir fylte av så mykje, blir livet til barna det òg. Mykje er godt, fint og gøy, men blir eg eigentleg heilt fornøgd? Kva er eit bra liv, sånn eigentleg? Og kven er eg, når eg er heilt åleine? Kva val bør eg ta? Skal eg berre følgja straumen? Kven skal eg lytta til, og kvar finn eg det som er viktigast for meg? Midt i hamsterhjulet, kvar finn me tid til å reflektera over desse spørsmåla?

I haust har tweensklubben i Vangskyrkja teke i bruk opplegget «Aldri alene» frå Søndagsskolen Norge. Gjennom animasjonsfilmar, song, oppgåver og samtale utforskar me kva bibelen seier om desse spørsmåla. Kven er eg, kva er identiteten min? Kva er ein god venn? Kva er eit godt liv, og kven kan eg lytta til når eg må ta val for meg sjølv? Kva om identiteten vår djupast sett er at me er elska av ein Gud som vil oss vel? Kva om Jesus er ein venn som alltid er her, og som aldri sviktar, sjølv når livet er tøft? Kva om bibelen kan gi gode råd for korleis leva eit godt liv? Dersom det er sant, kva har det å seia for våre liv, der me er, midt i alt? I tweensklubben er det rom for undring, spørsmål, tvil og funderingar omkring dette. Me er alle menneske, med ulik bakgrunn, ulike tankar og opplevingar, men i eit trygt fellesskap kan me saman utforska nokre av dei spørsmåla som ofte forsvinn i travle liv.


Me møtest annankvar søndag under gudstenesta i Vangskyrkja. Frå januar det året du fyller 10 år og ut 8. klasse er du hjarteleg velkommen til å vera ein del av dette fellesskapet.

Velkommen til oss!
Har du spørsmål om tweensklubben, kontakt Ingvill Humlebrekke (e-post: ingvill.aa@gmail.com).

Barnas

Kryssord

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet. Gå inn på **bibel.no** om du ikkje har boka.



Vits:

Kva seier snømannen når det blir varmt? – No renn det heilt over for meg!

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Disse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 5 feil

Vismennene følgde stjerna for å finne Jesusbarnet. Dei to bilda er nesten helt like, men kan du finne dei fem feila på bildet til høgre?

Teikning: CHIARA BERTELLI



Fargelegg



Teikning: CHIARA BERTELLI

Labyrint

Kan du hjelpe Maria og Josef å finne vegen til stallen?



Søndagsskolen – *mer enn du tror*

T-DAG

Desse sidene er avsett til T-dagane i Voss.
T-dagane er ein del av kyrkjeleg undervising og læring. Målet er at alle døypte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjar frå det som har skjedd på T-dagane i det siste.

Familiegudsteneste og T8-samling i Granvin kyrkje



Sundag 18. oktober var liten og stor samla til familiegudsteneste og hausttakkefest i Granvin kyrkje. 8-åringane vart inviterte som tårnagentar!
Då gudstenesta starta bar konfirmantane inn frukt og grønt i ein flott prosesjon. Dei deltok og med lystenning, tekstlesing og song. 8-åringane fekk i oppgåve å leita etter kristne symbol i kyrkja. Saman fann me fleire mellom anna på veggen, på altaret og i lysgloben. Dei var veldig flinke agentar!
Etter gudsteneste var det kyrkjekaffi. Takk for ei fin og stemningsfull stund saman i kyrkja!



LYS VÅKEN i Evanger kyrkje

Ein fredag i oktober var lys vakne born, konfirmantar og nokre vaksne samla i Evanger kyrkje. Me song og dansa til Lys Vaken-songen. Me åt pizza til me ikkje orka meir.



Me utforska tårnet i kyrkja og prøvde det gamle orgelet.
Kvelden vart avslutta med lysmesse der både born og konfirmantar gjekk i lysprosesjon, song Lys Vaken-songen og las bøner. Ein veldig kjekk kveld i Evanger kyrkje.





Frå mismot til eit liv i teneste

Tekst: Britt Hernes
Foto: NMS / Nora Dub Dybdal



«Keriya» og en medstudent ved Mekane Yesus-seminaret.

«Keriya Abde» vaks opp i ein liten by utanfor Addis Abeba i Etiopia. Far hennar var ein viktig leiar i det muslimske samfunnet. Då «Keriya» gjekk i 7. klasse, prøvde faren å få henne gift. Det ville ho ikkje og rømde frå heimen. Mora hjelpte henne i løynd. Livet vart ikkje enkelt på rømmen. Ho var fortvila og ynskte ikkje å leva lengre. Så gjekk ho ein dag forbi ei kyrkje. Vaktmesistaren inviterte henne inn. Ho ville ikkje vera uhøfleg og takka ja.

Leiaren i kyrkja stoppa brått opp i talen sin og las Mattes 11,28: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera, eg vil gje dykk kvile.» Han heldt fram med å sei: «Det er ei sjel her i dag som har sloppe unna døden. Be for denne personen.» Deretter gjekk han roleg ned midtgangen og stoppa opp der «Keriya» sat. Han spurde: «Du hadde ein avtale med døden, ikkje sant?» Ho vart sjokkert. Ingen kjende desse planane, men Gud visste, seier ho. Frå den dagen vart livet hennar forandra. Etterkvart fekk ho også eit rom i ei anna kyrkje og kunne kjenna seg trygg. Ho sa ja til å bli ein kristen.

Denne nyhenda spreidde seg fort. Faren hennar gav beskjed om at han enten ville drepa henne eller seg sjølv. Ein av brørne hennar følgde etter ho inn i kyrkja for å spionera. Etter ei tid vart han også ein kristen. Det gjorde også ein annan bror. Mora vart omvend i løynd, vart døypt og døydde seinare med fred i hjarta.

«Keriya» byrja å studera IT. I kyrkja såg dei evnene hennar og sendte henne på eit 3-årig bibel- og teologistudium. Då det var fullført, vart ho tilsett som evangelist i ein by der det er mest muslimar. For å bli betre rusta for dette arbeidet, byrja ho på CMR-lina (Christian Muslim Relationships) ved Mekane Yesus-seminaret. CMR programmet gjev grundig trening i fredeleg samhald og fellesskap med muslimar, og å dela den kristne trua på ein respektfull måte.

Målet hennar er å ta ei mastergrad. Kvinnene i Etiopia vert ofte sett ned på som mindre verd. Med god utdanning vil dette jamna seg noko ut og kvinnene bli meir likeverdige menn. Me ynskjer alt godt for «Keriya» i hennar arbeid.

Voss sokn sitt misjonsprosjekt støttar Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia. Misjonsprosjektet har sitt eige vippsnummer: 505877.

Kyrkjemusikalsk gåve

Voss kantori (VOK) har gjeve kr. 80.000 til kyrkjemusikalsk arbeid. Organist Gohar Marandyan er svært takksam for dette, og tok imot gåva på vegne av Voss kyrkjeleg fellesråd. Gåva vil bli nytta til å leiga inn solistar og ekstra musikarar ved spesielle høve i kyrkja.



Tidlegare styremedlemer i VOK overrekte gåva til organisten i Vangskyrkja. Frå venstre: Kari Kyte, Gohar Marandyan og Ingrid W. Vethe. Foto: Jorunn Våle Tonckens



Kyrkjeval:
Derfor bør du stilla til soknerådsval

Kven skal forma arbeidet til kyrkja der du bur dei neste fire åra? Kyrkjevalet 2027 nærmar seg, og kyrkjelydane treng menneske som vil vera med og ta ansvar. Kanskje er du ein av dei?

Tekst og foto: Den norske kyrkja

Soknerådet har ei viktig rolle i kyrkja. Det dei bestemmer, påverkar det som skjer i kyrkjelyden, frå gudstenester, kyrkjeleg undervisning og læring, til kulturarbeid, omsorgsarbeid, frivillig innsats og tilbod til barn og unge. I kyrkjevalet vel ein over heile landet dei som skal sitja i soknerråd i kvart sokn. Alle medlemer i Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15. Det er kyrkjeval kvart fjerde år. Som medlem i soknerådet får du høve til å vera med og påverka kva plass og rolle kyrkja skal ha i lokalsamfunnet ditt.

Eit verv med meining

Å sitja i soknerådet gir høve til å bruka eigne erfaringar, interesser og perspektiv i arbeidet for fellesskapen. Kyrkja treng menneske med ulik bakgrunn og alder og ulik kompetanse.

Om du går ofte eller sjeldan i kyrkja, om du er heilt trygg i den kristne trua di eller stadig undrar deg over korleis verda heng saman, er du velkommen. Det er nettopp mangfaldet av stemmer som gjer rådet sterkare og betre i stand til å vareta heile kyrkjelyden.

Har meir å seie enn mange trur

Soknerådet er med på å bestemma retninga for arbeidet til kyrkjelyden. Rådet arbeider med spørsmål som gjeld både dagens verksemd og kva som skal skje i åra framover. Det handlar om korleis ressursane skal brukast, kva tilbod som skal utviklast, korleis frivillige kan involverast, og korleis kyrkja kan vera relevant for menneske i alle livsfasar.

Rom for nye

Kyrkja treng ikkje berre dei som allereie er mest engasjerte. Den treng også nye perspektiv, nye erfaringar og nye stemmer. Om fleire seier ja til å stilla, blir også kyrkja betre rusta til å møta framtida.

Kanskje er det no du tek steget frå engasjement til medansvar!

Vil du vera med, eller ønskjer å vita meir? Ta kontakt med kyrkjekontoret. Les meir på kirken.no/valg

Ti gode grunnar for å stilla til val

- Du bryr deg om lokalmiljøet ditt.
- Du vil vera med og bestemma.
- Kyrkja treng ulike stemmer og erfaringar.
- Fellesskap skaper ikkje seg sjølv.
- Barn og unge fortener gode møteplassar.
- Tru, kultur og omsorg betyr framleis noko.
- Du kan gjera ein forskjell.
- Du lærer noko nytt om deg sjølv og andre.
- Det er givande å skapa noko saman.
- Framtidas kyrkje treng menneske som deg.

Konfirmantar 2026

VANGSKYRKJA

Laurdag 2. mai kl. 10.00

Amanda Lindstad Tillung
Halvard Almeland Erdal
Hedda Ringheim Føleide
Henrik Haugen Gjerme
Jenny Evensen-Søfteland
Kaspar Giljarhus Kvåle
Maija-Sofie Guttorm Tillung
Maria Lunde Seim
Markus Kondwani Kristinsson Ngwenya
Mikkel Langhelle Utkvitne
Nora Myklebust Bidne
Olivia Storebø Vinje
Oskar Berland-Horn
Sigrid Haugse Nesheim
Sigve Ringheim Føleide
Sindre Nestås
Skage Berge Grindedal
Synva Aadnekvam Mykkeltveit
William Andre Døssland
Ådne Draugsvoll Kvåle

Laurdag 2. mai kl. 12.00

Andrea Kristin Gullbekkhei
Augusta Kløve Aasetre
Christopher Marinius Curran Selheim
Edel Rognebakke
Eirik Herfindal Korsrud
Eivor Haukenes
Even Haukenes
Hanne Gjeraldsveit
Ida Sofie Tolaas
Ina Berge Hefte
Ingeborg Vestrheim Helland
Joar Horvei
Karen Turner
Magnus Aldal Opheim
Odin Dugstad
Odne Stana
Oskar Træen
Sivert Andre Bystøl
Sondre Olavson Klette
Theo Vethe
Ulrik Brattebø

Sundag 3. mai kl. 10.00

Annie Østerdal Holandsjø
Borghild Kristina Svarstad
Ea Brekkhus Repål
Henrik Aas Bergstrøm
Hogne Sørlie Lilletvedt
Ingebjørg Folkedal-Græe
Marita Jordalen Repål
Mathilde Wilhelmina Anna Grevle Meurs
Maya Saue Gregersen
Ranveig Stalheim-Istad
Sina Solberg Mørkve
Sindre Aarhus Hefte
Sondre Myklebust Lid
Theo Reime Hauge
Tobias Fenne
Vilja Skorve Kindem

Sundag 3. mai kl. 12.00

Bjørnar Ullestad
Borgar Johnsen
Eskil Vaage Eikeland
Hanna Grønås Lodden
Helleik Finne Rabbe
Julie Brekkhus Saue
Knut Ekran Bryn
Maja Thaule Hjørnevik
Maja Tveite Østervold
Maria Istad Kristiansen
Martin Tveite Rogne
Nora Bjordal
Ola Een De Amoriza
Piotr Grzegorz Gerhardt
Runar Ringheim
Synva Dolve Øvsthus
Thomas Tveit Bakketun
Vilde Louise Gudvangen
William Jakobsen Kristiansen

Laurdag 9. mai kl. 10.00

Andree Bjørke
Anton Lilato Gjernes-Mukelabai
Johan Kornelius Fardal Guttormsen
Johannes Trolid Brattebø
Jonas Engvold Nåsen
Kaia Kleppe
Knut Ygre
Leo David Duijndam Norheim
Linea Hotle Nilsen
Liva Midthun-Djønne
Ludvik Bø
Margrethe Nesheim-Hovda
Mariell Fyllingslid Apelthun
Ola Skjeldal-Martenson
Sarah Jane Tryti Lansiquot
Synnøve Tveiten Grøneng
Tuva Berre Landro
Vegard Gjernes

Laurdag 9. mai kl. 12.00

Adriana Heimdal
Alma AarhusJordalen
Anja Eilerås
Aron Teigen Øvsthus
Frida Månum
Hanna Brekkhus Møn
Henrik Haugse Bakkerud
Henrik Liland Arnesen
Hogne Afdal Vik
Jarand Nondal Aspebakken
Joar Joanesarson Evensen
Noah Velsvik Sønnesyn
Nora Brekke Bystøl
Oscar Skjønberg Løno
Sandra Gregersen Svendsen
Silje Kolskår Eriksen
Sjur Gjerstad Herre
Tilde Bøyum Aaserød
Tuva Marie Trå

Sundag 10. mai kl. 11.00

Edith Karolina Mørkve Kvåle
Ella Joakimsen Overå
Henrik Lillegraven Eggen
Isak Kvam Hisdal
Jenny Tjoflot Joanesarson
Joar Bakk-Opheim
Linnea Øyestad
Lisa Koppen Vike
Lucas Grjotland Kristoffersen
Magnus Brekke
Maria Håheim
Oliver Kløve Sundal
Sara Haug Nikolaisen
Sigurd Baartvedt
Simen Hansen
Sofie Nesheim
Thorstein Jersin Eiken
Vera Kosovic Høvset

Sundag 24. mai 2026

Sigurd Bendiksen Haugland

GRANVIN KYRKJE

Sundag 3. mai kl. 11.00

Kari Kårdal Mjelde
Kaja Gunnlaugsson Soldal
Inga Ørstavik Johnsen
Frida Dortea Hatlen Stene

RAUNDALSKYRKJA

Torsdag 14. mai kl. 11.00

Gard Schei-Taraldsen
Linn Therese Utne Slettemark

VINJE KYRKJE

Laurdag 30. mai kl. 11.00

Amanda Sørensen Hagenson
Astrid Herheim
Eirin Ure
Eivind Dregelid
Elias Nicolai Sørå Nilsen
Emilie Handal Johnsen
Guri Hemre Sundsvoll
Ingrid Martine Nesheim
Linn Sofie Rødne Hole
Matilde Midttun



VANGSKYRKJA
2. mai kl. 10.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
2. mai kl. 12.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
3. mai kl. 10.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
3. mai kl. 12.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
9. mai kl. 10.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
9. mai kl. 12.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
10. mai kl. 11.00

Foto: KYRKJA I VOSS



GRANVIN KYRKJE **3. mai** *Foto: GRANVIN SOKNERÅD*



RAUNDALSKYRKJA **14. mai** *Foto: KYRKJA I VOSS*



VINJE KYRKJE **30. mai** *Foto: ODA MARI RØDNE HOLE*



Vekselbanken
Ein god medspelar



Telefon 56 52 35 00
www.vekselbanken.no

Me ynskjer alle ei god og fredeleg jolehelg!

Alt innan sport og fritid



Butikkar i Vangsgata 47, Vangsgata 40 og Uttrågata 21.
Tlf. 56 51 11 19
endeve@endeve.no - www.endeve.no



Telefon: 56 52 09 00
Epost: post@jordalen.no







Vil du feira jol med oss?

Velkomen til jolefeiring

Me feirar jol i lag hjå Frelsesarmeen der me skal hygga oss med god jolemat, song og underhaldning saman med kjekke folk.

Me startar kl. 17 og avsluttar ved 20 tida.
Middagen koster kr. 100
Oppmøte: Frelsesarmeen Voss, Lekvemoen 11

Ynskjer du å melde deg på som deltakar eller frivillig sender du ein e-post til post@voss.frivilligsentral.no, eller ring til 971 77 985 (Voss Frivilligsentral) innan 18.12. Gje beskjed om du treng transport.

Velkomen!

Jolefeiringa er eit samarbeid mellom Frelsesarmeen Voss, Røde Kors Voss, Kirkens Bymisjon Voss, Kyrkja på Voss og Voss Frivilligsentral

ME SYNG JOLA INN

sundag 6. desember kl. 16.00 i Vinje kyrkje

Her vert det allsong, andakt ved Brigt Sigve Skeie og elles mykje flott musikk frå dei musikalske kreftene i bygda. Hjarteleg velkomne.



Konsertar i kyrkjene før jol

01.12. kl. 18.00 i VANGSKYRKJA
Jolekonsert med Andreas Utnem og Trygve Seim

05.12. kl. 17.00 i VANGSKYRKJA
Julekonsert med Einar Bolast m.fl.

06.12. kl. 16.00 i VINJE KYRKJE
Me syng jola inn

08.12. kl. 19.00 i VANGSKYRKJA
Jolekonsert med Voss Musikklag

09.12. kl 18.00 i VANGSKYRKJA
Jolekonsert med Voss skulemusikk

11.12. kl. 19.00 i RAUNDALSKYKRJA
Jolekonsert med Åshild Bøe, Gohar Marandian m.fl.

11.12. kl. 19.00 i VANGSKYRKJA
"Nystemte julegleder" med Rune Larsen m.fl.

12.12. kl. 16.00 i VANGSKYRKJA
Jolekonsert med Voss Storband

13.12. kl. 17.00 i VANGSKYRKJA
Me syng jola inn


16.12. kl. 19.00 i VANGSKYRKJA
"Frå gospel til blues" med Kim Fairchild

18.12. kl. 19.00 i VANGSKYRKJA
Jolekonsert med Strendingen og Bygdaklang

20.12. kl. 19.00 i VINJE KYRKJE
Jolekonsert med Strendingen

Ord til ettertanke

Tekst og foto: Hildebjørg Djupvik



OPPSLAGS-



VOK
Voss kantori

øver i Vangskyrkja
tysdagar kl. 18.30-20.00

Songglade vaksne i alle aldrar er velkomne!

Kontaktperson: Gohar Marandyan.
E-post: gm282@kyrkja.no

VOK

Seniortreff

i Vonheim tysdagar kl. 12.00-14.30



08.12. Adventsstund

Datoar våren 2027 (program ikkje fastsett enno):
12.01. | **09.02.** | **09.03.** | **06.04.** | **11.05.** | **15.06.**

Pris kr. 200. Skyss? Ring 478 49 134.

Kontaktperson: Sigrid D. Mala. Tlf. 478 49 134.

Føremiddagstreff i Raundalskyrkja



onsdagar kl. 11.00-13.30

09.12. | **13.01.** | **10.02.**
10.03. | **14.04.** | **12.05.**
09.06.

Vel møtt!

Bibel & Misjon

i Prestegarden onsdagar kl. 19.00-21.00
02.12. Bibeltime v/Arnulf Sandvik
Datoar våren 2027:
20.01. | **17.02.** | **17.03.** | **19.05.** | **09.06.**
25.04. Misjonsøndag i Vonheim

Kontaktperson: Inger Sigh Petersen. Tlf. 906 18 125.

Bibelgruppe - noko for deg?

Her kan du bli kjend med andre og dela tru og liv. Saman utforskar me bibelen.

Datoar framover: **07.12.**

Du er varmt velkomen!

For meir informasjon kontakt:
Anja Kristin Slåtten, diakonimerarbeidar, tlf. 417 04 958
Hans-Christian Küspert, sokneprest, tlf. 954 50 572

Sorggruppe

Ynskjer du å vera med i ei sorggruppe?

Ta gjerne kontakt med ein av diakonane våre om du vil vita meir.

Diakon Sigrid Djukastein Mala. Tlf. 478 49 134.
Diakonimedarbeider Anja Kristin Slåtten. Tlf. 417 04 958.

Heimebesøk

Er det vanskeleg for deg å koma til oss, kjem me til deg.



Kontakt: Diakonimedarb. Anja K. Slåtten, tlf. 417 04 958.
Diakon Sigrid D. Mala, tlf. 478 49 134,
eller ein annan av våre tilsette.

Treng du nokon å snakka med? Me vil gjerne vera her for deg!

I kyrkja er det alltid rom for å kunna snakka om livet på godt og vondt. Prestar og diakonar har teieplikt og er her for deg.

Ta gjerne kontakt med ein av diakonane våre:
Anja K. Slåtten. Tlf. 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no.
Sigrid D. Mala. Tlf. 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no.

TAVLA

SØNDAGSSKULEN Jesus til barna

Voss søndagsskule

29.11. kl. 11.00 i Vonheim

Bolstadøyri søndagsskule

Datoar vert kunngjort lokalt.

Kontaktperson: Anny Karin Forthun. Tlf. 481 36 520.

Supertysdag

i Vonheim - for alle familiar!

1/12

Meir informasjon på Facebook-gruppa
"Supertysdag på Voss - foreldregruppe"

T-dagar

Scann QR-koden for å få oversikt overplanlegde T-dagar framover. Invitasjonar vert sendt i posten og lagt ut på heimesida vår.

Tweensklubb

for tweens 10-14 år

i Vangskyrkja
søndagar kl. 11.00.

Datoar for våren 2027 vert annonserte i januar.



Kontaktperson: Ingvill Humlebrekke. E-post: ingvill.aa@gmail.com

VELKOMEN TIL

Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

4. - 6. klasse: 18 - 20
7. - 10. klasse: 20 - 22

11.12. Datoar for våren er ikkje fastsett enno.

Kontaktpersonar: Anja K. Slåtten. Tlf. 417 04 958.
Gro-Marie Samland. Tlf. 479 07 900.

VELKOMEN TIL

FREDAGSKLUBB

i Evanger kyrkje

3.-6. klasse: 18.00-19.30. 7.-10. klasse: 19.30-21.30

04.12. Datoar for våren er ikkje fastsett enno.

Kontaktperson: Nora Bjørgo Mykkeltvedt. Tlf. 952 79 970.

Refleks Ten Sing

øver i Vonheim
torsdagar kl. 18.00-20.30

Ungdom frå 13-20 år er hjarteleg velkomne!

Kontaktperson: Johanne Maria Storevik. Tlf. 995 08 737.

Alpha Ung Vossestrand

er eit tilbod til deg mellom 13 og 16 år.
Alpha tek for seg spørmål om livet og gjev praktisk innføring i kristen tru.
Stad: **Kyrkjestova på Oppheim**
Dato: **08.12. kl. 14.15-16.00** (ein gong i mnd.)
Opplegg: Varmt måltid, film og prat om livet
SMS for påmelding til Anja Slåtten: tlf. 41704959.
VELKOMEN!

Din røyrleggjar i sentrum
Comfort
Helge Nikolaisen A/S
Installasjon - Service - Vedlikehald
Velkomen i butikken!
Tlf. 56 51 26 28
Vangsgt. 4, 5700 Voss

vått&vilt
Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding
www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995

VOSS MØBEL & TRE
Voss Møbel & Trevareverkstad AS
Skyvedørskarmar
Loftstrapper
Inspeksjonsluker
Tlf. 56 52 10 10 www.vmt.no

O.L.KYTHE AS
entreprenør
Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo
Tlf. 56 52 38 60

norli
Norli Vossevangen
Vangsgata 27, 2700 Voss
Tlf. 56 51 11 16

Pianostemmer Voss
På tide å stemme pianoet?
pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36

GRAVSTEIN
Nye gravmonument,
tilføyingar og oppussing – ta kontakt med:
STEIN & MERKE
Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099

VOSS KOMMUNIKASJON
Me leverer trygg IT og kommunikasjon med kunden i fokus.
post@vossk.no Tlf. 56 52 30 30

VINJO

Voss Energi
-rein vossakraft!

Me ordnar alt vedrørande dødsfall
Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar
VIRKE GRAVFERD Vinsands GRAVFERDSBYRÅ
Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no

Hjelp barn i hjem med rus
90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!
Blå Kors
Gi din gave på Vipps 936679





Bli frivillig på chat og telefon – og gjer ein forskjell!
Les meir her: kirkens.sos.no/frivillig
KIRKENS SOS

Svar på jolekonkurransen

Kor mange raude ljos fann du i bladet?
Rett svar er 12 ljos.

Kyrkjenytt ynskjer alle lesarane våre ei god adventstid, ei signa jolefeiring og eit godt nytt år i vente!





Dåpskjolar til gratis utlån

Kyrkjekontoret for Voss har fått tre fine dåpskjolar som me låner ut gratis. Me har både rosa og blått band, fleire huer, og tek oss av klargjering på førehand og vaks etter bruk. Kjolane kan prøvast på kyrkjekontoret, og utlånet gjeld på sjølve seremonien i kyrkja. Kom innom eller kontakt oss på tlf. **52 52 38 80** eller e-post **post.voss@kyrkja.no** dersom de ynskjer å låna ein dåpskjole.

Vinje og Oppheim sokn har også dåpskjolar til utlån. Dåpskjolane ligg oppbevarte i kyrkjene, og kan lånast på kort varsel. Kontakt Oppheim/Vinje sokneråd eller prest for å avtala utlån.

Brurekrone på Vossestrand



Vinje Sokn har ei brurekrone til Vossabunad til utleige. Krona har dei fått i gåve. Den vert oppbevart i bankboks, og må tingast i god tid før bruk.

Sokneråda på Vossestrand har godt samarbeid med Bygdekvinnelaga, og dei hjelper til ved utlån av dåpskjolane og ved utleige av brurekrona. Dei har også brurebunad til utleige.

Gravplass i Voss

I den mørke årstida er gravljosa med på å lysa opp gravplassane og skapar ei flott ramme kring gravminna våre. Det vert nytta tradisjonelle levande gravljos og elektriske ljos.

Likar du å bruka tradisjonelle ljos er det lurt å velja ein lukka type slik at ikkje fuglar går laus på ljosa. Mange har gått over til å bruka elektriske ljos. Desse kan ofte brukast om og om igjen. Elektriske gravljos som ikkje fungerer lenger skal sorterast som el-avfall. Brukte batteri må ikkje kastast på gravplassen. Me ynskjer at brukte batteri vert levert til eigne mottak, som til dømes i daglegvarebutikkar eller andre stader som sel nye batteri. Takk for at du hjelper til med å halda gravplassane reine og trivelege for alle.


Me får ein del spørsmål om oppretting og reingjering av gravsteinar/gravminne. Det er festaren av ei grav som er ansvarleg for gravminnet, men me kan ta på oss oppdrag med oppretting og reingjering om du ynskjer det. Me tilbyr også hjelp med å stella ei grav med planting, luking og vatning gjennom sommasesongen. Er nokon av desse tenestene av interesse, kan du som festar ta kontakt med oss på e-post eller telefon i løpet av vinteren.

Kyrkjeverja


Ynskjer du fleire eksemplar av «Jolekveld i kyrkjelyden»?

«Jolekveld i kyrkjelyden» er til sals på kyrkjekontoret. Kontoret er ope måndag til fredag kl. 10.00-14.00, og onsdag kl. 12.00-14.00. Pris kr. 85.

Bøker som er til sals ved Kyrkjekontoret for Voss:



Reidar Reime
Raundalskyrkja - 100 år
Utgjeven 2021. Kr 275.



Per Jon Odéen
Mjølfjell kapell 50 år
Utgjeven 2017. Kr 150.



Vossestrand i helg og kvardag
Oppheim og Vinje kyrkjer 150 år
Utgjeven 2017. Kr 150.



Granvin sokneråd
Granvin kyrkje 300 år
Utgjeven 2026. Kr 350.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

13.09.2026	Bjørn Harry Wergeland Flage
	Hedda Simonsen Gjerme
	Mia Himle
04.10.2026	Ailev Ukvitne Jensen
	Anders Opeland-Gjøstein
	Julie Bilsback Stub
	Marie Bilsback Stub
	Saga Himle
	Snorre Skurtveit
	Sondre Tryti
11.10.2026	Alva Mandelid Balevik
	Klara Bolstad Styrvold
	Marie Liland
	Maximillian Midtun Solberg
18.10.2026	Sjur Istad Bidne
	Tobias Kriz Eldegard
30.10.2026	Martine Høegh-Krohn

Raundalen sokn:

20.09.2026	Sigrid Elise Mjelde Kvåle
11.10.2026	Diana Dortea Egderud Kvam
	Noah Andre Egderud Kvam
	Mathias Slettemark-Rysjedal

Oppheim sokn:

06.09.2026	Mari Gilbakken

Vinje sokn:

18.10.2026	Sigrid Sundsvoll Opedal



VIGDE

Voss sokn:

05.09.2026	Susanne Håvardstun og Espen Stevnebø
11.09.2026	Jenny Lena Josefin Nygren og Joachim Bale
12.09.2026	Marthe Sjursen og Sondre Espeland
26.09.2026	Charlotte Angelica Kjeilen og Kristian Brunborg

DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Voss sokn:

24.08.2026	Åshild Tveit	f. 1929
06.09.2026	Magne Olav Vassenden	f. 1951
07.09.2026	Maria Møen	f. 1926
08.09.2026	Ingvar Nikolai Engelsen Eide	f. 1935
09.09.2026	Anders Brekke	f. 1933
14.09.2026	Nils Vinsand	f. 1931
14.09.2026	Torbjørg Warren	f. 1966
21.09.2026	Aase Thiis Reisæter	f. 1934
03.10.2026	Oddrun Berit Strømmen	f. 1944
12.10.2026	Idun Britt Vines	f. 1953
17.10.2026	Jørgen Ivar Nesthus	f. 1937
20.10.2026	Drøfn Lavik	f. 1934
22.10.2026	Judith Reidun Kvamme	f. 1936
24.10.2026	Esther Louise Glimme	f. 1930

Granvin sokn:

04.09.2026	Eva Karin Solvi	f. 1948
03.10.2026	Peder Spildo	f. 1933

Vinje sokn:

21.09.2026	Leiv Bystøl	f. 1935
22.10.2026	Liv Vinje	f. 1938

Oppheim sokn:

07.09.2026	Signe Johanne Devik	f. 1940
09.09.2026	Johanna Brandseth	f. 1929
30.09.2026	Bjørg Johanna Sundsvoll	f. 1952



Dåp kan bestillast via kyrkja si heimeside: www.voss.kyrkja.no

Gå til dåpspåmelding og kryss av for den eller dei kyrkjene som kan vera aktuelle for å få fram gudstenester der det er sett opp dåp i komande halvår.

Har du spørsmål, kan du kontakta oss via telefon: **56 52 38 80** eller e-post: **post.voss@kyrkja.no**

Gudstenesteliste

Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista!
Følg med i avisa Hordaland eller på www.voss.kyrkja.no.

Bolstadøyri bedehus:
29.11. kl. 11.00 Gudsteneste og T3/4/5-dag v/Kvamsøe.
24.12. kl. 14.00 Jolegudsteneste v/Hellesøy.
03.01. kl. 11.00 Joletrefestgudsteneste v/Kvamsøe
14.02. kl. 11.00 Gudsteneste v/Nordmark.
21.03. kl. 11.00 Borna si påskevandring v/Kvamsøe

Evanger kyrkje:
24.12. kl. 16.00 Jolegudsteneste v/Hellesøy.
24.01. kl. 17.00 Gudsteneste v/Nordmark
07.03. kl. 11.00 Gudsteneste v/Kvamsøe. Årsmøte

Oppheim kyrkje:
29.11. kl. 19.30 Ljosmesse v/Sandvik. Konfirmantane deltek.
13.12. kl. 11.00 **Jordalen kapell:** Gudsteneste v/Sandvik.
24.12. kl. 12.00 **Vossestrand omsorgstun:** Jolaftangudsteneste v/Skeie.
24.12. kl. 13.30 Jolaftangudsteneste v/Skeie.
10.01. kl. 11.00 Joletrefestgudsteneste v/Sandvik.
17.01. kl. 11.00 **Vossestrand omsorgstun:** Gudsteneste v/Küspert.
07.02. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.
21.02. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.
14.03. kl. 11.00 Gudsteneste og årsmøte.
28.03. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.

Vinje kyrkje:
06.12. kl. 16.00 Me syng jola inn v/Skeie.
24.12. kl. 15.00 Jolaftangudsteneste v/Skeie.
24.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Sandvik.
14.02. kl. 11.00 Gudsteneste.
07.03. kl. 11.00 Gudsteneste og årsmøte v/Sandvik.
25.03. kl. 20.00 **Helgatun:** Nattverdgudsteneste.
26.03. kl. 20.00 Påsken i ord og tonar v/Sandvik.

Raundalskyrkja:
25.12. kl. 12.00 Gudsteneste v/Sandvik.
10.01. kl. 16.00 Heilage tre kongars-gudsteneste med joletregang v/Sandvik
28.02. kl. 10.00 **Mjølfjell kapell:** Gudsteneste.
14.03. kl. 16.00 Gudsteneste v/Hellesøy. Årsmøte
26.03. kl. 12.00 **Brekkestølen:** Påskeandakt.
28.03. kl. 10.00 **Mjølfjell kapell:** Påskegudstjeneste.

Vangskyrkja:
29.11. kl. 11.00 **Vonheim:** Familiegudsteneste med nattverd og søndagsskule v/Küspert.
03.12. kl. 19.00 Ljosmesse v/Küspert, Leksbø og Skjeldal.
06.12. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert. VOK deltek.
13.12. kl. 17.00 Me syng jola inn v/Küspert og Leksbø.

Vangskyrkja:
20.12. kl. 11.00 Skriftemålsgudsteneste v/Küspert.
24.12. kl. 13.30 Jolaftangudsteneste v/Leksbø og Küspert.
24.12. kl. 14.30 Jolaftangudsteneste v/Leksbø og Küspert.
24.12. kl. 15.30 Jolaftangudsteneste v/Leksbø og Küspert.
25.12. kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd v/Küspert.
26.12. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Leksbø.
31.12. kl. 23.00 Midnattsmesse med nattverd v/Hellesøy.
03.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.
10.01. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Leksbø.
17.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy.
24.01. kl. 11.00 Folkemusikkmesse med nattverd v/Hellesøy.
31.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy.
07.02. kl. 11.00 **Vonheim:** Karnevalsgudsteneste med T4 v/Leksbø.
10.02. kl. 19.00 Skriftemålsgudsteneste askeonsdag v/Leksbø.
14.02. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.
21.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Küspert.
28.02. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.
07.03. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Leksbø.
14.03. kl. 11.00 Familiegudsteneste med T7 v/Küspert.
21.03. kl. 11.00 Jazzmesse med nattverd v/Küspert.
25.03. kl. 19.00 Skjærtorsdagsgudsteneste med nattverd v/Hellesøy.
26.03. kl. 11.00 Langfredagsgudsteneste v/Hellesøy.
27.03. kl. 23.00 Påskenattsmesse v/Küspert.
28.03. kl. 11.00 **Hamlagrø bedehus:** Gudsteneste v/Skjeldal.
28.03. kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd v/Küspert.
29.03. kl. 19.00 Kveldsgudsteneste med konfirmantdåp v/Küspert og Leksbø.

Granvin kyrkje:
29.11. kl. 19.00 Ljosmesse v/Ulvik. Konfirmantane deltek.
24.12. kl. 13.30 Jolaftangudsteneste v/Ulvik.
25.12. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Ulvik.
10.01. kl. 14.00 Nyårsgudsteneste med nattverd v/Ulvik.
07.02. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Gudsteneste med nattverd v/Ulvik.
21.02. kl. 14.00 Familiegudsteneste med T10-11 v/Ulvik.
14.03. kl. 14.00 Familiegudsteneste med T7 v/Ulvik.
25.03. kl. 18.00 Skjærtorsdagsgudsteneste med nattverd v/Ulvik.
28.03. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Ulvik.

INFORMASJON
Kyrkjenytt for Vossabygdene
PB 49
5701 VOSS

Ei bøn på jolaftan

Kjære Jesus,
Takk for at du kom til verda vår som eit lite barn
og steig inn i mørket vårt.

Me ber for alle som i dag opplever
einsemd, sjukdom, fattigdom og krig.

Takk for at du er det sanne ljos.
Ljoset skin i mørket
og mørket har ikkje overvunne det.

Takk for alt du velsignar oss med.
Lat oss vera til velsigning for andre.

Lat oss få bringa ljos i mørket
og leia fleire til det evige ljoset.

Takk for at alle som tek imot deg
har fått rett til å bli Guds barn.

Hjelp oss å hugsa det denne jola.

Amen

Tekst: Nils Kåre Bøe

Omsett til nynorsk av
Kyrkjenytt

